



Kommunane i Rogaland

Kontakt saksbehandlar

Bjørge Karin Gilje Hetland, 51 56 87 42

## Utlysning av tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar 2021

Kunnskapsdepartementet vidarefører tilskotsordninga for symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i 2021. Statsforvaltaren i Rogaland har motteke kr 834 000 til føremålet. Kommunen kan søkje om inntil **kr 1 750** for kvar elev. Andre kostnader må kommunen dekke sjølv. Tilskotet skal brukast i budsjettåret 2021. Søknadsfristen er 15. april 2021.

### Mål for ordninga

Målet er å gi nykomne minoritetsspråklege barn, unge og vaksne i grunnskoleopplæringa meir og betre symjeopplæring og med det redusere risikoen for drukningsulykker.

Vidare er det eit mål å setje elevane betre i stand til å nå kompetansemåla i læreplanen. Det er eit mål i læreplanen at elevane skal vere symjedyktige etter 4. årstrinn.

### Kven kan søkje?

Kommunar som har nykomne minoritetsspråklege elevar og/eller nykomne minoritetsspråklege vaksne med rett til grunnskoleopplæring kan søkje om tilskot.

### Målgruppe

Målgruppa er nykomne minoritetsspråklege barn og unge i grunnskolen og nykomne minoritetsspråklege vaksne med rett til grunnskoleopplæring. Omgrepet nykomne minoritetsspråkleg er ikkje konkret tidfesta, sjølv om det betyr ei viss avgrensing i tid. Det er kommunen sjølv som må definere om tilbodet er til det beste for eleven.

Viss kommunen har andre elevar som ikkje kan symje eller ikkje har hatt høve til å delta i symjeundervisning, kan også desse delta i symjeopplæringa. Desse skal *ikkje* teljast med i søknaden.

### Organisering av symjeopplæring

Kommunen vel sjølv korleis symjeopplæringa skal organiserast. Symjeopplæringa kan leggjast til skoletida eller etter skoletid. Søknader som beskriv eit samarbeid mellom frivillige organisasjonar og korleis dette kan etablerast/vidareførast, vil bli prioriterte dersom fleire står likt. Fleire kommunar



kan samarbeide om å etablere felles ordningar. Det er viktig at jenter og gutar får eit likeverdig tilbod.

### **Søknadsfrist er 15. april 2021**

I søknaden skal de m.a. opplyse om korleis de vil organisere symjeopplæringa, namn på skolar og tal på nykomne minoritetsspråklege elevar/vaksne som skal få symjeopplæring, kor mange timar opplæring de planlegg for og kva beløp de søker om. Bruk søknadsskjemaet som ligg ved.

Send berre ein samla søknad frå kvar kommune til [sfropost@statsforvalteren.no](mailto:sfropost@statsforvalteren.no)

### **Tildeling og rapportering**

Vi sender ut svar innan 15. mai 2021.

Etter gjennomført symjeopplæring skal kommunen rapportere om talet på nykomne minoritetsspråklege elevar/vaksne som har gjennomført. Meir informasjon vil stå i tildelingsbrevet.

Nokre kommunar har fått overført tildelte midlar frå 2020 til 2021. Desse kommunane må sende rapport om gjennomført symjeopplæring før Statsforvaltaren kan tildele nye midlar.

Med helsing

Marianne Skogerbø  
utdanningsdirektør

Bjørg Karin Gilje Hetland  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

#### Adresseliste:

Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland



Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård